

RS -sakDato: 16.01.2017
Arkivsak: 2016/34293-3
Saksbehandlar: bjomidt

Til:	Utval for miljø - og samferdsel Fylkesutvalet
Frå:	Fylkesrådmannen

Sørvest Bomvegselskap AS - orientering om selskapet

Bakgrunn

Fylkestinga i Sogn og Fjordane, Hordaland, Rogaland, Vest Agder og Aust Agder vedtok i juni 2016 å etablere eit regionalt bompengeselskap for dei fem fylka som utgjer bomregion sørvest. Selskapsetableringa er ein del av den statleg initierte bompengereforma. Andre element i reforma er utskiljing av utstedarfunksjonen i bompengeselskapa, ny organisering/ansvarsfordeling i sektoren mellom dei regionale selskapa og Vegdirektoratet, etablering av nytt takst og rabattsystem og innføring av incentivordningar/statlege bidrag for selskapa og bilistane. Målet med reforma er å gjere bompengesystemet meir brukarvenleg og å profesjonalisere og effektivisera innkrevjinga og finansforvaltninga av bompengar.

Etablering av selskapet

Sørvest Bomvegselskap AS vart stifta 5.10.2016 og registrert i Brønnøysundregisteret 7.11.2016. Fylkesordførarane stifta selskapet og utgjer selskapet si generalforsamling. Selskapet har Bergen som forretningsadresse. Paul M. Nilsen er valt til styreleiar og Ola Olsbu (plan og samferdselssjef i Aust Agder fylkeskommune) er valt til nestleiar. Dei andre styremedlemmene er: Lise Mari Haugen (assisterande rådmann og kommunalsjef for økonomi i Førde kommune), Siri Frafjord Landa (fylkesadvokat i Rogaland) og Kristin Tofte Andresen (assisterande fylkesrådmann i Vest Agder). Paul M. Nilsen er leigd inn i rolla som arbeidande styreleiar og får noko administrativ støtte frå Hordaland fylkeskommune. Selskapet er per dags dato ikkje oppbemanna utover dette.

Driftskonsept for selskapet

Ingen prosjekt eller selskap er førebels tillagt Sørvest Bomvegselskap AS. Selskapet må oppbemanna og etablere eit «mottaksapparat» før det kan skje, noko som igjen må sjåast i samheng med valet av driftskonsept for selskapet. Sørvest Bomvegselskap AS held no på med ein «due diligence» av driftsselskapet BT Signaal AS. Det kan bli aktuelt å kjøpa delar av BT Signaal AS. Eventuelt kor stor del, må vurderast nærmare juridisk, økonomisk og strategisk, då BT Signaal AS mellom anna driftar bomstasjonar i nord Norge, er leverandør i høve til AutoPASS ferje og har utvikla eit sentralssystem for bompengerekreving. Alternativet til oppkjøp av BT Signaal AS er å bygga opp eigen driftsorganisasjon eller drift etter anbudsutsetjing, som i dag.

Nye rammevilkår for dei regionala bompengeselskapa

Nytt avtaleverk

Det er utarbeidd eit nytt avtaleverk, som har vore på høyring hausten 2016. Det er lagt opp til eit tredelt avtaleverk – ein bompengavtale mellom samferdselsdepartementet og det regional bompengeselskapet, ein prosjektavtale mellom bompengeselskapet og Vegdirektoratet og ein finansieringsavtale mellom oppdragsgjevar og bompengeselskapet. Samferdselsdepartementet har enno ikkje godkjent dette avtaleverket. Reint formelt finst det derfor ingen regionale bompengeselskap.¹, slik dei er definerte i bompengereforma.

Ny oppgåve - og ansvarsfordeling

Det har i lengre tid vore eit ønske frå mange bompengeselskap om å få hand om heile «verdikjeden» i bompengeneinnkrevinga. Vegdirektoratet har no kartlagt omlag 50 oppgåver knytt til bompengeneinnkreving. Tilrådinga frå Vegdirektoratet til samferdselsdepartementet, er at eit fleirtal av dei operative oppgåvene vert flytta frå Statens vegvesen til dei regionale bompengeselskapa t.d. at selskapa tar hand om vegkantutstyr. Endeleg oppgåve- og ansvarsfordeling er enno ikkje avklara, men mykje tyder på at bompengeselskapa får fleire oppgåver og utvida ansvarsområde for innkrevinga enn hittil. Dette inneber at Sørvest Bomvegselskap AS må bli noko langt meir enn ein «stor versjon» av eit eksisterande bompengeselskap.

Utskiljing av utstedarfunksjonen

Bompengereforma inneber at utstedarfunksjonen skal skiljast ut frå bompengeselskapa. Men i ein tidsbegrensa overgangsperiode vil dei regionale bompengeselskapa, inklusive Sørvest Bomvegselskap AS, også driva utstedarverksemd – integrert utstedarverksemd – slik som i dei «gamle» bompengeselskapa. Utstedarfunksjonen vert truleg ikkje skilt ut før i 2019.

Nytt sentralsystem

Nytt sentralsystem er ikkje ein del av bompengereforma. Men avtalen med Q -free om bruk av sentralsystemet CS Norge gjekk ut i 2007 og er blitt forlenga fram til 15. juli 2019. I kjølvatnet av Grindgut havariet i 2015², har dei regionale bompengeselskapa og Vegdirektoratet starta eit arbeid med ei ny enklare systemløyising, som bør vera klar til bruk sommaren 2019. Dei regionale bompengeselskapa deltek i dette arbeidet. Samstundes pågår det eit arbeid i Vegdirektoratet med å tilretteleggja noverande sentralsystem og framtidig sentralsystem for miljødifferensierte takstar. System rundt sentralsystemet må etablerast. Det er venta at selskapa sjølve får ansvar for slike system, men avklaring på dette manglar.

Arbeidet framover

Etter at driftskonseptet for Sørvest Bomvegselskap AS er nærmare avklara, og mottaksapparatet er etablert, vil selskapet starta arbeidet med å innfusjonera eksisterande selskap/bompengeprojekt. Selskapet held no på med å knyta til seg juridiske ressursar, som vil kunna medverka i dette arbeidet.

¹ På Austlandet og i midt Noreg har ein regionaliserte selskap frå før med avtale etter gammalt avtaleverk, høvesvis Fjellinjen pluss Vegfinans og Vegamot AS, tidlegare Trøndelag Bomveiselskap AS. I nord Noreg er det etablert Bompengeselskap Nord AS, som førebels er utan avtale og prosjektportefølje.

² Sjå notat

<http://einnsyn.hfk.no/einnsyn/RegistryEntry/ShowDocumentFromDmb?registryEntryId=190839&documentId=326943>